



I fjor fekk ei meir enn fullsett kyrkje oppleve ein flott konsert.

**Med mange aktørar som kvar har korte innslag, vert det mykje god julestemning presentert med publikumsvennleg variasjon under julekonserten i Uskedal kyrkje komande søndag kveld. Mange gode tilbakemeldingar dei siste åra gjev god grunn til å byggja programmet innanfor same ramma.**

Det er Uskedal skulemusikk som bles det heile i gong. Under Tor Skeie Olsen si leiing er det no ei gruppe svært flinke ungdommar. Dette får publikum også oppleve i to kvartettar, ein kornettkvartett og ein messingkvartett, som har kvart sitt nummer i tillegg til dei tre nummera heile korpset presenterer. Eg garanterer at julestemningen fyller kyrkja heilt frå start, Etter dette kjem innslag på to og tre nummer frå Kvinnherad trekkspelklubb, kyrkjekoret Nordsaang, Tove Lill og Ronny Lakselv, Røysterett for Alle, Eva Megyesi, vokalensemblat Glimrah og Uskedal musikklag som perler på ei snor. Med korte innslag vert det god variasjon samstundes som aktørane tar fram det beste dei har å by på.

Mellom nokre av innslaga vert det felle song av kjære salmar knytta til høgtida under sceneskifta. Det skaper ein eigen høgtidstemning med salmesong av kjende og kjære salmar frå ei fullsett kyrkje. Ronny Lakselv vil også dela nokre ord til ettertanke.

Soknerådet har fått inn programmet frå dei ulike aktørane, og det fortel at det ligg an til ein veldig fin julekonsert. Her er mykje fin song og musikk som fører oss mot den store høgtida. Det vert både eldre og nyare julemusikk. Konserten vert avslutta med **Deilig er jorden** som fellesnummer mellom publikum og Uskedal musikklag før kantor Eva Megyesi avsluttar det heile med vakker orgelmusikk til utgang.

Det er Uskedal sokneråd som står som arrangør for konserten som er kl.19.30 søndag 10.desember. Som vanleg treng ein ikkje å kjøpa billett for å koma på julekonsert i Uskedalen, men dei som ønskjer det, kan gje ei gåve til kykjelydsarbeidet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Hans Ordin Østebø

